



NVE

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 14.01.2026

Vår ref.: 202418771-23 Oppgje ved kontakt

Dykkar ref.:

## **NVE gjev konsesjonsløyve til ny 132 kV kraftleidning Sandøy–Raunholmen og ny Raunholmen transformatorstasjon, og ny transformatorstasjon og nettilknytning ved Skipavika næringspark**

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har i dag fatta vedtak om å gje BKK anleggskonsesjon til å byggje, eige og drive ny 132 kV kraftleidning mellom Sandøy og Raunholmen og nye Raunholmen transformatorstasjon i Gulen kommune i Vestland. NVE har også fatta vedtak om å gje SkiGa AS anleggskonsesjon til å byggje, eige og drive nettanlegg ved Skipavika næringspark samt 132 kV nettilknytning til nye Raunholmen transformatorstasjon.

Grunngjevinga for vedtaket er SkiGa sine planar om å etablere ein ammoniakkfabrikk i Skipavika næringsområde med eit forbruk opp mot 260 MW på sikt. For å forsyne fabrikk med kraft må det etablerast ein ny transformatorstasjon i Raunholmen på Sandøyna.

Konsesjonsdokument og brevet «Oversendelse av tillatelse» av i dag er tilgjengelege på [www.nve.no/20515/A](http://www.nve.no/20515/A).

Denne orienteringa vert sendt til alle høyrings- og orienteringsinstansar. Den allmenne høyringa er ein sentral del av NVE si konsesjonshandsaming. Gjennom denne prosessen, der ein kvar har høve til å kome med innspel og synspunkt, skal NVE sikre at alle sider ved saka er gjort greie for. Vi har no gjeve konsesjon og takkar for alle innspel og kommentarar som har kome i den allmenne høyringa.

### **Partsinnsyn**

Forvaltningslova sine regler om partsinnsyn gjev grunneigar/rettshavar rett til å be om å få sjå dokumenta i saka. Ønskjer du å sjå dokumenta, gå til [www.einnsyn.no](http://www.einnsyn.no), eller ta kontakt med sakshandsamar i NVE.

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

[www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



**NVE**

Norges vassdrags-  
og energidirektorat

## Klagerett

Du kan klage på avgjerdene, sjå orientering om rett til å klage på siste side. Eventuelle klagar vert sendt til søkar før saka vert lagt fram for Energidepartementet.

Ei klage må innehalde opplysningar som gjer det mogeleg for NVE å avgjere om klagaren har klagerett. Partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (andre med spesielt nær rettsleg, økonomisk eller faktisk tilknytning til saka og organisasjonar som representerer interesser som vedtaket får verknader for) har rett til å klage på vedtaket. Å gje uttale eller på annan måte verte orientert om saka gjev ikkje i seg sjølv rett til å klage på avgjerda.

## Spørsmål?

Ved spørsmål eller behov for nærmare opplysningar, ta kontakt med sakshandsamar i NVE, Torgrim Skogheim på tlf. 22 95 94 86 eller e-post [tsko@nve.no](mailto:tsko@nve.no).

Med helsing

Ingrid Myrtveit  
seksjonssjef

Torgrim Skogheim  
seniorrådgjevar

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

### Mottakarliste:

STATENS VEGVESEN  
Den Norske Turistforening  
Norges Bondelag  
STATNETT SF  
GULEN KOMMUNE  
NORGES NATURVERNFORBUND  
Forsvarsbygg  
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) - Region Vest  
MILJØDIREKTORATET  
Norges Miljøvernforbund  
DIREKTORATET FOR STRÅLEVERN OG ATOMSIKKERHET  
TELIA NORGE AS  
TELENOR NORGE AS  
BKK AS  
Birdlife Norge



**NVE**

Norges vassdrags-  
og energidirektorat

Luftfartstilsynet  
Norskog  
AVINOR AS  
Norges Skogeierforbund  
Fortidsminneforeningen i Sogn og Fjordane  
Landbruksdirektoratet  
Grunneigarar/rettshavarar  
Norsk Friluftsliv  
Naboer/gjenboere  
STATSFORVALTAREN I VESTLAND  
MOTVIND NORGE  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE  
Natur og Ungdom Vestland

**Kopimottakarliste:**

**NVE**Norges vassdrags-  
og energidirektorat

## Orientering om rett til å klage

|                                                         |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |
|---------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Frist for å klage                                       | <p>Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket.</p> <p>Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.</p>                                                             |
| Du kan få grunngjeving for vedtaket                     | Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
| Kva skal med i klagen?                                  | <p>Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Skrive kva for vedtak du klagar på.</li><li>• Skrive kva for eit resultat du ønsker.</li><li>• Opplyse om du klagar innanfor fristen.</li><li>• Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen.</li></ul> <p>I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.</p> |
| Du kan få sjå dokumenta i saka                          | Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                |
| Vilkår for å gå til domstolane                          | <p>Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit.</p> <p>Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.</p>                                                         |
| Sakskostnader                                           | Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkar vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.                                                                                                                                                                                                                                                            |
| Kven kan klage på vedtaket?                             | Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |
| Kvar skal du sende klagen?                              | <p>Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: <a href="mailto:nve@nve.no">nve@nve.no</a>.</p> <p>NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.</p>                                                                                                                                                                                                            |
| Du kan be om avgjerd om utsett iverksetjing av vedtaket | <p>Du kan be om avgjerd om at vedtaket ikkje skal setjast i verk før klagefristen er ute eller klagt er avgjort.</p> <p>Klage på vedtak om samtykke til ekspropriasjon har utsetjande verknad, med mindre det er gjort vedtak om noko anna.</p>                                                                                                                                                                                                          |

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32, 36 og 42.